



Bømlo kommune  
Rådhuset  
Leirdalen 1  
5430 BREMNES

Dato: 05.07.2016  
Vår ref.: 2014/15801-17  
Saksbehandlar: gurklyv  
Dykkar ref.:

## **Krav om samanslåing av tinglyste matrikkeleiningar. Gnr. 89, bnr. 122 og gnr. 89, bnr. 127 i Bømlo kommune.**

Hordaland fylkeskommune er eigar av eigedomen Hollundsdaalen 31 i Bømlo kommune; gnr. 89, bnr. 122 og gnr. 89, bnr. 127.

Link Arkitektur AS har på vegne av fylkeskommunen søkt om rammeløyve for serviceanlegg for buss på eigedomen.

Bømlo kommune har i brev av 08.06.2016 til Link Arkitektur AS gjeve rammeløyve på vilkår i sak nr. D321/16, med referanse 2016/406-14406/2016.

Det eine vilkåret er følgjande:

«1. Omsøkt tilbygg er i strid med avstandskravet i pbl § 29-4 ved at det ligg over eigedomsgrensene mellom 89/122 og 89/127. Eigedomane må samanføyast eller eigedomsgrenser rettast opp ved evt. arealoverføring før løyve til igongsetting vert gjeve, jamfør pbl § 21-4b.»

Vedlagt følgjer utfylt skjema om krav om samanslåing av gnr. 89, bnr. 122 og gnr. 89, bnr. 127.

Saman med kravet er det lagt ved kart frå matrikkelen samt grunnboksutskrifter som viser at matrikkeleiningane er fri for hefte.

Det er ingen til heimelshavarar til bruksrettar.

Skjemaet er signert av fylkesrådmannen. Fylkestinget har i delegasjonsreglementet punkt C *Delegasjon etter særlov* på side 33 gjeve fylkesrådmannen fullmakt til å krevje samanslåing i samsvar med § 18 i matrikkellova.

Guro Klyve  
stabsleiar

Vedlegg